



Statens vegvesen

FØRDE KOMMUNE

Postboks 338

6802 FØRDE

Behandlende enhet:

Saksbehandler/telefon:

Vår referanse:

Deres referanse:

Vår dato:

Kaisa Tonheim Banne /
55516273

19/363001-1

18.12.2019

Justering av gjennomsnittstakst Førdepakken

Statens vegvesen Region vest har vurdert økonomien i Førdepakken etter bestilling frå styringsgruppa i Førdepakken. Det er gjort nye berekningar av mogeleg bompenggebidrag til veginvesteringar sett i høve berekna ramme for bompengar i Prop. 137 S (2014–2015) XX.

Mandatet til styringsgruppa for Førdepakken er fyrst og fremst å sikre at bompengeselskapet ikkje tek opp meir lån til vegprosjekt, enn det som er realistisk å handtere innafor innkrevjingsperiode på 12 år. Den gjennomsnittlege inntekta per passering (gjennomsnittstakst) er i dag vesentleg lågare enn føreset i Prop. 137 S (2014–2015). Sjølv om ein legg til grunn at Førdepakken vil få eit årleg statleg tilskot på om lag 10,4 mill. kr, så har Statens vegvesen berekna at bompengeramma som er lagt til grunn i Prop. 137 S (2014–2015) må reduserast med nær 60 mill. kr. Dersom inntektene fortset å gå ned i åra som kjem, må ramma reduserast ytterlegare.

Vedlagt følgjer notat som vart lagt fram for styringsgruppa 4. november. Her gjer Region vest greie for økonomien til Ferde AS og årsaker til inntektssvikt. I notatet foreslår Statens vegvesen tiltak for å heve gjennomsnittstaksten til mellom 15,9 til 17,1 2019–kr. Vi ber om at Førde kommune (Sunnfjord kommune) sluttar seg til eit av følgjande tiltak:

1. Heve bompengetakstar med 4 kr for takstgruppe 1 og 7 kr for takstgruppe 2
2. Heve månadstak frå 30 til 40 passeringar
3. Heve månadstak frå 30 til 50 passeringar
4. Heve månadstak frå 30 til 40 passeringar og auke bompengetakstar med 2 kr for takstgruppe 1 og 3 kr for takstgruppe 2

Merk at prisar er oppgitt i 2019–kr. Det vert behov for å legge til prisstigning før saka vert sendt til Vestland fylkeskommune for endeleg behandling i 2020.

Postadresse
Statens vegvesen

Telefon: 22 07 30 00

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081

Etter at Sunnfjord kommune har behandla saka må den sendast til Vestland fylkeskommune. Når Vestland fylkeskommune har slutta seg til justeringane, vil søknad om takstjusteringar bli sendt til *Statens vegvesen Myndighet og regelverk* som frå 1.1.2020 skal ha mynde til å fatte takstvedtak.

Med helsing

Nils Magne Slinde
Avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.